



Pål Eirik Woldseth  
Breimyra 38  
5134 FLAKTVEIT

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/3289 - 23/60188

Saksbehandlar:  
Lene Helgesen  
lene.helgesen@alver.kommune.no

Dato:  
26.07.2023

## **Førebels svar - mottatt klage på vedtak - 30.06.2023 - Bruksendring - gbnr 428/178 Kvalheim nedre**

**Tiltak:** Bruksendring  
**Byggjestad:** Gbnr: 428/178  
**Tiltakshavar:** Pål Eirik Woldseth  
**Ansvarleg søkjar:** Sivilingeniør Atle Sundal

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den **20.07.2023**.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

### **Parter i saka kan komme med kommentarar til klagen**

Dette brev sendast også til eventuelle andre parter i saka, slik at dei kan kommentera klagen. Eventuelle kommentarar sendast kommunen på [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no). Kommentarane blir tatt med i vidare handsaming av klagen.

Frist for innsending av kommentarar er to veker.

### **Vidare klagehandsaming**

Kommunen vil vurdere klagen viss vilkåra for klagebehandling er oppfylt.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen sendt vidare for politisk handsaming i Utval for areal, plan og miljø. Møtet vert halde på Region Nordhordland Helsehus i Knarvik. De kan stille som tilhøyrar på møtet eller følgje møtet digitalt via [Alver kommune TV](#) .

For å sjå møteinnkalling med sakspapir, gå til Alver kommune si heimeside, gå til politisk møtekaldender og vel Utval for areal, plan og miljø. [Lenke til møteplan finn du her.](#)

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Aktuelt regelverk**

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Lene Helgesen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Pål Eirik Woldseth

Breimyra 38

5134

FLAKTVEIT